

07 MAR 2016

Til Samferdselsminister Ketil Solvik- Olsen.

Bergen 3.3.2016

Eg vil først takka for den gode innsatsen du og medarbeidarane dine har gjort for løyvingar innan samferdsle i det siste, ikkje minst satsinga på K5 alternativet, ny veg og jernbane mellom Bergen og Voss. Dette brevet er skreve av meg som privatperson.

Det har i den siste tida vore fokus i media lokalt og nasjonalt på Nasjonal transportplan(NTP) som omhandlar perioden 2018-29. Grunnlaget for denne NTP er slik eg har forstått utfra samfunnsnytte og samfunnskostnader. Ufrå dette skal den endelege transportplanen etter politisk handsaming godkjennast i juni 2017 om eg har forstått rett.

Vikafjell

Den saken eg ber deg her setja deg godt inn i er den som handlar om strekninga på riksveg 13 mellom Vik i Sogn og Myrkdalen på Voss. Strekninga er ein del av nord- sør aksen på Indre Vestland. På denne strekninga er det som du nok veit høgfjellsstrekninga over Vikafjell. Denne fjellovergangen er som kjent svært mykje stengt grunna uver, ras og rasfare. Førre vintersesong var den vel stengt i 1600 timar +, i tillegg til X antal timar kolonnekøyring. Dette er svært høge stengingstal og medfører at dei 2700 innbyggjarane i Vik kommune føler seg heilt innestengt vinterstid når sørvestveret herjar i fjellet, noko det ofte gjer. Isolasjonen engasjerer både vikjer og utflytte vikjer, det er umogeleg å planlegga å reisa vinterstid og basere seg på Vikafjellsvegen, fjellet er for lunefullt for det. Å basera infrastruktur med ein slik fjellovergang med opptil 10 meter høge brøyteskjereringar einskilde stader er ikkje lett. Det er vel ikkje gjort noko større arbeid på denne fjellvegen sidan Storehaugtunnelen(1100 m) opna i 1983. Stenginga medfører lange omvegar med to ferjestrekningar når innbyggjarane skal ut, til dømes til Bergen. Omvegen når Vikafjell er stengt medfører 3- 4 timar lengre reisetid og er fordyrande for den einskilde og for transportnæringa. Vikjene fortener langt betre enn dette. Etter alt bidraget vårt til storsamfunnet bør me få noko attende, ta til dømes kraftutbyggingi i fjella våre, det har bandlagt store områder og overskotet av krafta vert innbetalt inn til fylkeskommunen til dømes. Storsamfunnet bør gje noko handfast tilbake, og i denne setting i form av skikkeleg infrastruktur.

Forslag til løysing

Det einaste som avhjelper dette er ein tunnel gjennom fjellet(Vikafjellstunnelen). Tunnelen er berekna å bli 14.9 km og vil gå frå Kålsete på nordsida av fjellet og til Holo på sørsida av fjellet, kostnadsrekna til 1.6 mrd kroner.

I fylgje NTP for denne perioden er det ikkje sett av spesifikke midlar til Vikafjellstunnelen, noko som vart motteke med mykje vonbrot og harme av folk i Vik kommune. For folk i Vik som har kjempa for dette vegprosjektet i fleire tiår no(heilt sidan 1960- talet), har sett med håp, framtidstru og lengsel at denne tunnelen skal koma. NTP her blir for diffust, vi må ha handfaste prov og signal på at det skal satsast på ein heilårsveg sørover. Dei borgarlege partia på tinget har lova framskunding av dette prosjektet før, så no må dykk ved lovnadene.

Kommunereform

I tråd med regjeringa si kommunereform er Vik kommune saman med Aurland kommune i samanslåingssamtalar med Voss kommune, og det er undertekna ei intensjonsavtale mellom dei tre kommunane. Dette vil skapa ein robust og passe stor kommune folketalsmessig(19000 innb) og den største arealmessig(4100 km²) på Vestlandet, men førestnaden er etter mi og fleire si meining Vikafjellstunnel. Vik har som Aurland alltid hatt historisk og geografisk tilhørighet mot Voss og Hordaland, og denne samanslåingsprosessen er vorte etter det eg har høyrte positivt motteke av folk i bygda. Den nye kommunen vil ha eit stort potensial reiselivsmessig til dømes, me har Fresvikbreen, Flåmsbana, Nærøyfjorden med sin Verdsarvstatus, Myrkdalen og Voss med sin vinterturisme og elles fantastiske fjellområder innanfor den nye samanslåtte storkommunen. Dette er eit sterkt argument for tunnelprosjektet då folk i Vik må ha ein effektiv og sikker veg til det nye kommunesenteret som etter alt å døma vert Voss. Kommunen sentralt er positivt til dette, og samanslåinga skal opp til folkeavrøysting og behandling i kommunestyret før ei endeleg avgjerd.

Eg takkar deg for at du har lese dette brevet, og eg vil gjerne ha svar frå deg om korleis SD og partia jobbar for framskunding av Vikafjellstunnelen, det er mange med meg på båe sider av fjellet som håpar på at det no endeleg er Rv 13 Vikafjellstunnelen sin tur!

Med venleg helsing



Hans Christian Tenol- Tuxen Lilleøren

Kjenndalsåsen 70, 5225 Nesttun

hclilleo@online.no

95012554